

Rettleiing til utfylling av reiserekningsskjema

Kva får eg dekt?

Har du reist til og frå behandling som er godkjend av det offentlege, kan du ha rett til reisegodtgjersle. Hovudregelen er at pasientreiser blir dekte med ein standardsats per kilometer, uansett kva transportmiddel du har reist med. Reisa må vere mellom 10 og 300 kilometer kvar veg og må koste meir enn billett til lokal minstetakst med rutegåande transport. Dersom du har reist lenger enn 300 kilometer, blir reisa dekt med den summen billigaste offentlege transport ville ha kosta.

Send søknaden til:

Pasientreiser HF, Postboks 2533 Kjørbekk, 3702 Skien

Du kan òg søkje elektronisk ved å logge deg inn på «Mi helse» på helsenoreg.no.

Generelt

- Del 1 (side 1 og 2) handlar om pasienten. Dersom du søker som pasient og ikkje har hatt med deg reisefølge, treng du berre å fylle ut del 1.
- Del 2 (side 3 og 4) handlar om reisefølge/føresett/pårørande. Dersom du som pasient søker om å få dekt utgifter på vegner av reisefølge, eller dersom du søker som reisefølge, føresett eller pårørande, må du fylle ut dei relevante felt i del 2 i tillegg til enkelte felt i del 1.
- Hugs å skrive under og fylle inn kontonummer i punkt 1.8 nedst på side 2 før du sender inn skjemaet.
- Bruk punkt 3 på siste side dersom du har fylt ut informasjon som krev grunngiving, eller skal gi andre tilleggsopplysningar. Får du for liten plass, kan du leggje ved eit eige ark.
- Bruk blokkbokstavar når du fyller ut skjemaet.
- Du må sende skjemaet og eventuelle vedlegg i posten, ikkje med e-post. Du må sjølv leggje ut for porto, dette blir ikkje dekt av Pasientreiser.
- Du må bruke eitt skjema for kvar behandlingsstad du har reist til.
- Beløp under 100,00 kr blir ikkje utbetalt. Dersom du sender inn fleire søknader dei neste seks månadene og summen totalt blir minst 100,00 kr, blir heile beløpet betalt ut.
- Det er Stortinget som fastset satsane for pasientreiser. Du finn ei oversikt over dei gjeldande satsane på helsenoreg.no.
- Hugs at du må sende inn søknaden seinast seks månader etter at du var til behandling. Unntaket frå denne regelen er dersom du ikkje var i stand til å sende inn søknaden før, eller dersom eit helseføretak gav deg feil opplysningar om når du skulle sende inn søknaden. Dersom det har skjedd, må du leggje ved dokumentasjon frå behandlaren.

Dersom du har hemmeleg adresse eller ei fristbrotsak, sender du reiserekningsskjemaet til:

Pasientreiser HF, Postboks 2864 Kjørbekk, 3702 Skien

Under følger ei forklaring til kvart punkt i skjemaet. Treng du meir informasjon, kan du ringje Pasientreiser på telefon 915 05 515. Du kan òg lese meir om pasientreiser og kva rettar du har, på helsenoreg.no.

1. Informasjon om søkeren

Kryss av for kven det er som søker. Du skal berre krysse av for eitt av vala.

Pasient: Når du som pasient har reist åleine. Du treng ikkje å leggje ved stadfesting på oppmøte.

Pasient og vil søkje om å få dekt utgifter for reisefølge: Når du som pasient har vore til behandling og hadde behov for å ha med deg reisefølge. Du må leggje ved dokumentasjon frå behandlaren på at du måtte ha med deg følge på reisa. Barn under 18 år treng ikkje dokumentasjon på reisefølge.

Reisefølge: Når du har følgd nokon på ei pasientreise. Du må leggje ved dokumentasjon frå behandlaren på at pasienten måtte ha med seg følge på reisa. Du må òg leggje ved dokumentasjon frå behandlaren på at pasienten har vore til behandling. Om det kan dokumenterast at de har brukt offentleg transport, kan både pasient og nødvendig følgjeperson få dekt reisa med ein standardsats per kilometer. Som hovudregel er det utgifter for éin følgjeperson som blir dekt. Du kan søkje om å få dekt utgifter for to følgjepersonar dersom du har dokumentasjon frå behandlaren på at det var nødvendig. Utgifter for to følgjepersonar blir òg dekt når foreldre følger eit alvorleg sjukt barn til og frå sjukehus. Dersom det var to følgjepersonar på reisa, så legg ved informasjon om følgjeperson nummer to på eit eige ark.

Føresett for barn under 12 år: Når du er føresett for eit barn under 12 år og barnet har vore til behandling. Kryss av både når du har vore følgjeperson på reisa, og dersom barnet har reist åleine til behandling. Når du søker som føresett for barn under 12 år, treng du ikkje leggje ved stadfesting på oppmøte.

Føresett for barn 12–18 år: Når du er føresett for eit barn mellom 12 og 18 år og barnet har fått behandling. Du kryssar av både når du har vore følgjeperson på reisa, og dersom barnet har reist åleine til behandling. Når du søker som føresett for barn mellom 12 og 18 år, må du leggje ved stadfesting på oppmøte frå behandlaren.

Pårørande: Når du er nær pårørande og har reist i eit av desse tilfella:

- barn (under 14 år) som reiser til føresett som har livstrugande sjukdom og er innlagd i minst to veker utan å kunne reise heim (gjeld éi reise per veke)
- pårørande som reiser til psykiatrisk poliklinikk for barn og ungdom
- pårørande som reiser til kompetansesenter for personar med sjeldne diagnosar
- pårørande som har delteke på kurs i regi av helseføretak som er nødvendig for framtidig oppfølging av pasienten

Når du søker som nær pårørande, må du leggje ved stadfesting på oppmøte frå behandlaren.

1.1 Informasjon om pasienten

Søker du som pasient, føresett eller reisefølgje, fyller du ut dette punktet med personopplysningane til pasienten. Søker du som pårørande, skal du ikkje fylle ut dette punktet.

1.2 Informasjon om behandlingsstaden

Hugs å fylle ut datoen du var til behandling. Har du vore innlagd, fyller du òg ut datoen då du blei skriven ut.

Fritt behandlingsval: Har du nytta deg av retten til fritt behandlingsval, må du vere merksam på at du må betale ein høgare eigendel per reiseveg.

Kurs og opplæring: Nære pårørande har rett til å få dekt reiseutgifter til kurs eller opplæring i regi av ein helseinstitusjon, så sant kurset eller opplæringa har eit medisinsk eller behandlingsrelatert innhald, kursdeltakinga er nødvendig for framtidig oppfølging av pasienten og pasienten er over 18 år. Hugs å leggje ved dokumentasjon som stadfestar dette. Reisa blir dekt etter dei same reglane som for pasientar.

1.3 Fritak frå å betale eigendel

Frikort blir registrert automatisk. Følgjepersonar og barn under 16 år betaler ikkje eigendel. Merk at tur og retur blir rekna som to reiser, og at du dermed betaler éin eigendel kvar veg.

Desse tilfella gir fritak frå å betale eigendel:

- reise for å undersøkje eller behandle yrkesskade eller krigsskade
- reise for å undersøkje eller kontrollere allmennfarleg smittsam sjukdom
- reise for å bli lagd inn i tvunge psykisk helsevern
- reise for tvunge psykisk helsevern utan døgnopphald i institusjon
- reise for pårørande til psykiatrisk poliklinikk for barn og ungdom som oppfyller vilkåra i pasientreiseforskrifta § 19 b
- reise for donor ved transplantasjon
- overføring mellom institusjonar innanfor eit helseføretak
- ved oppmoding om svangerskapsavbrot i primærnemnd eller sentral klagenemnd

Dersom eitt av tilfella i lista over gjeld deg, må du leggje ved dokumentasjon.

Reiser pasienten til sjukehus, distriktpsikiatrisk senter eller institusjon som tilbyr tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk utanfor eigen bustadregion, skal pasienten betale ein høgare eigendel. Men viss pasienten reiser til den næraste staden som har tilbod om denne behandlinga, skal pasienten berre betale vanleg eigendel.

Pasienter som ikkje har motteke behandling innan fristen, som er utsette for eit fristbrot, skal ikkje betale eigendel.

1.4 Informasjon om reisa

Anna adresse: Dersom du har reist frå eller til ein annan stad enn den folkeregistrerte adressa di, fyller du òg ut punkt 1.5.

Reiselengd: Fyll ut kor mange kilometer reisa blei på kvar veg, inkludert ferjestrekningar. Dersom reisa blei lengre enn kortaste reiseveg (til dømes på grunn av omkøyning eller andre årsaker), må du grunngi dette i punkt 3.

Merk at utrekninga av avstanden kan bli unøyaktig dersom reisa du opplyser om, inneheld ei adresse utan gatenamn. Då er det ekstra viktig at du fyller ut avstanden. Dersom du ikkje veit kor langt du har reist, kan du til dømes leggje inn start- og sluttstaden i kartfunksjonar på nettet.

Fleire like reiser: Dersom du har hatt fleire reiser til same behandlingsstaden og vil søkje om å få dekt desse, fyller du inn dato for behandling i datofelta. Treng du meir plass, kan du leggje ved ei eiga oversikt over behandlingsdatoane. Merk at søknaden for den første behandlinga ikkje kan vere eldre enn seks månader.

Næraste stad: Hovudregelen er at du får dekt reiseutgifter til den næraste staden der behandlinga blir gitt. For reiser til primærhelsetenesta (til dømes fastlege) blir bustadkommunen rekna som næraste stad. For reiser til spesialisthelsetenesta (til dømes sjukehus eller spesialistar) blir helseregionen rekna som næraste stad. Har du dokumentasjon frå behandlaren på at du måtte reise ut av kommunen eller regionen du bur i, for å få behandling, kan du få dekt reisa.

Du kan òg få dekt ei reise ut av kommunen eller regionen dersom behandlingsstaden du reiste til, var geografisk nærast den folkeregistrerte adressa di. I dette tilfellet må du skrive ei grunngiving i punkt 3.

Reiser under 10 kilometer / til lokal minstetakst: Du kan søkje om å få dekt reiser under 10 kilometer eller reiser som kunne vore gjorde med offentleg transport til lokal minstetakst, ved dokumentasjon frå behandlaren på at det var nødvendig å bruke bil eller drosje på strekninga (ved akutt hjelp eller andre medisinske årsaker). Reiser til «lokal minstetakst» vil seie reiser innanfor ei sone der ein reiser til lågaste pris som det aktuelle transportselskapet opererer med på strekninga.

1.5 Reise frå eller til ein annan stad enn folkeregistrert adresse

Dersom du har reist frå eller til ein annan stad enn den folkeregistrerte adressa di, skriv du adressa her. Skriv også kva som var grunnen, og om det gjaldt reise til og/eller frå behandling. Hovudregelen er at når ein har reist frå ei anna adresse, får ein dekt utgifter tilbake til adressa ein reiste frå.

Uventa behov for helsehjelp: Fekk du eit uventa behov for helsehjelp mens du oppheldt deg ein annan stad enn på den folkeregistrerte adressa di, må du leggje ved dokumentasjon frå behandlaren din som stadfestar dette.

Skade på jobb: Unntaket frå hovudregelen gjeld dersom ein har skada seg på jobb, reiser til behandling og så reiser heim til bustaden. Dersom du har skada deg på jobb, får du dekt heimreiseutgifter ved å leggje ved dokumentasjon frå behandlaren på at du var til behandling for yrkesskaden.

1.6 Transportmiddel og tilleggsutgifter

Du treng berre å fyller ut transportmiddel dersom du skal søkje om å få dekt nødvendige tilleggsutgifter. Utgifter til parkering, bilferje, bom og piggdekk blir berre dekte dersom det var nødvendig å køyre bil av medisinske eller trafikale årsaker. Medisinske behov må dokumenterast av behandlaren, og dokumentasjonen må liggje ved søknaden. Behov av trafikale årsaker, må stadfestast av pasientreisekontoret, og du må fyller ut ei grunngiving med tidspunktet for når reisa starta, i punkt 3. Kvitteringar på utgifter til parkering og billetter må leggest ved. Du treng ikkje å leggje ved billetter til offentlig transport, med mindre du og følgjepersonen har reist saman med offentlig transport (sjå punkt 2.2).

Bruk éi rad for kvart transportmiddel.

Dato: Dersom du søker om å få dekt fleire reiser til same behandlingsstad, bruker du datofeltet til å opplyse om kva dato reisestrekninga gjeld for.

Tur/retur: Dersom du har reist tur/retur og har reist på same måte begge vegar, kryssar du av i feltet for tur/retur.

Båtbillett: Dersom du har reist med passasjerbåt eller hurtigrute (utan bil), kan du ha rett til å få dekt kostnaden for billetten i staden for standardsatsen på strekninga. Hugs å leggje ved billetten.

Rekvirert reise: Dersom delar av reisa var rekvirert, skriv du «Rekvirert reise» i feltet for transportmiddel.

1.7 Kost, overnatting og andre tilleggsutgifter

Kost: Dersom du har vore på reise i over 12 timar, har du rett til kostgodtgjersle. Kostgodtgjersle blir betalt etter faste satsar, og du treng ikkje leggje ved kvittering eller dokumentasjon. Fyll ut kor mange døgn du søker om kostgodtgjersle for, i tillegg til felta for når reisa og behandlinga starta og slutta. Varer reisa i meir enn eitt døgn, gir seks timar eller meir inn i det nye døgnretten rett til å få det dekt som eit heilt døgn.

Overnatting: Godtgjersle for overnatting får du når det var nødvendig å overnatte på reisa. Dersom du overnatta på grunn av helsetilstanden din, må du leggje ved dokumentasjon frå behandlaren på behovet. Dersom du overnatta på grunn av lang reiseveg eller andre trafikale årsaker, må dette stadfestast av pasientreisekontoret, og du må grunngi det i punkt 3. Som pasient kan du velje å overnatte ved behandlingsstaden i staden for å reise heim mellom behandlingar. Då vil du få dekt utgifter til kost og overnatting opp til den summen det ville ha kosta å reise fram og tilbake. Dersom dette er tilfellet, må du gjere greie for opphaldet og utgiftene i punkt 3. Skriv opp datoar for reisene òg. **Hugs å leggje ved kvitteringar på overnattingsutgiftene.** Privat overnatting og kost- og overnattingsutgifter mens ein pasient er innlagd, blir ikkje dekte. Dette gjeld òg for reisefølgjet.

Tapt arbeidsforteneste: Dersom du har vore til behandling for yrkesskade, kan du etter spesielle reglar ha rett til å få dekt tapt arbeidsforteneste. Fyll ut kor mange timar du søker om å få dekt. Søknaden blir vurdert etter regelverk og satsar som Stortinget har fastsett. Du må leggje ved yrkesskadevedtak, stadfesting frå behandlaren på at du har vore til behandling for yrkesskade, og dokumentasjon på den tapte arbeidsfortenesta.

Andre tilleggsutgifter: I spesielle tilfelle er det mogleg å søkje om å få dekt utgifter til reingjering av bil og sending av reisegods. Dersom du vil søkje om dette, må du leggje ved ei stadfesting på behovet frå behandlaren, kvitteringar på utgifter og ei skildring i punkt 3.

2. Informasjon om reisefølgje/pårørande/føresett

Dersom du søker som pasient og vil søkje om å få dekt utgifter for reisefølgje, eller du søker som reisefølgje, pårørande eller føresett, fyller du ut informasjonen i dette punktet.

Merk at transportutgifter for reisefølgje berre blir dekte ved bruk av offentlig transport.

Dersom pasienten er over 18 år, må det liggje ved dokumentasjon på at pasienten har eit medisinsk behov for å ha med seg reisefølgje.

2.1 Foreldre til innlagt barn

Dersom du som forelder søker om å få dekt ei reise frå eller til ein institusjon der barnet er innlagt, kryssar du av for grunnen til reisa her. **Hugs å leggje ved dokumentasjon frå behandlaren som skildrar tilfellet.**

I desse tilfella har begge foreldra rett til å få dekt reisa:

- Til og frå institusjon i samband med at barnet blir lagt inn. Reisene må gjelde innlegging på institusjon.
- Når foreldra følgjer eit alvorleg eller livstrugande sjukt barn som er innlagt på institusjon, til dømes på heimreiser ved permisjon.
- Dersom institusjonen av medisinske grunnar kallar inn begge foreldra for at dei skal vere hos barnet, få informasjon om sjukdomsutviklinga eller få nødvendig opplæring når det gjeld sjukdommen til barnet og den vidare behandlinga og pleia.

Dersom du skal søkje om å få dekt reisa for to følgjepersonar, skriv du om den andre følgjepersonen i punkt 3 eller på eit eige ark.

Hugs å leggje ved dokumentasjon frå behandlaren dersom det var nødvendig med to følgjepersonar.

2.2 Informasjon om reisa til følgjepersonen

Dersom følgjepersonen hadde same reise som pasienten (informasjon gitt i punkt 1.4, 1.5 og 1.6), kryssar du av for det. Då skal du ikkje fylle ut resten av dette punktet.

Dersom pasienten og følgjepersonen har reist saman med offentlig transport, må du leggje ved billettane. Då har følgjepersonen rett til å få ein eigen standardsats.

Dersom følgjepersonen måtte reise for å komme til pasienten og/eller reisa til følgjepersonen slutta ein annan stad enn reisa til pasienten, eller dersom følgjepersonen reiste til og frå behandlingsstaden mens pasienten var til behandling, fyller du ut **den ekstra reiselengda for følgjepersonen kvar veg (inkludert ferjestrekning)** i felta for tur og retur.

Tilleggsutgifter: Dersom følgjepersonen har reist utover den felles reisa med pasienten og vil søkje om å få dekt tilleggsutgifter på reisa, så fyll ut dette her.

Du finn meir informasjon i punkt 1.6 i rettleiinga.

2.3 Kost, overnatting og andre tilleggsutgifter for reisefølgje

Dersom behovet for følgjepersonen er dokumentert, har følgjepersonen same rett til å få dekt kost og overnatting som pasienten.

Dersom følgjepersonen søkjer om same godtgjersle for kost og/eller overnatting som pasienten (punkt 1.7), kryssar du av for det. Då skal du ikkje fylle ut resten av dette punktet. Dersom følgjepersonen søkjer om tilleggsutgifter utover dei same utgiftene som pasienten, fyller du ut dette. Les meir om rettar ved overnatting i punkt 1.7 i rettleiinga. **Dokumentasjon og kvitteringar for overnatting for følgjepersonen må leggjast ved i begge tilfella.**

Tapt arbeidsforteneste for reisefølgje: Dokumentasjonen må vise kor mange timar følgjepersonen er trekt i lønn eller har betalt for leigd hjelp, og kva beløp som er trekt/ betalt. Dette blir dekt etter faste satsar. Hugs at du må leggje ved dokumentasjon frå arbeidsgivar eller rekneskapsfører på tapt arbeidsinntekt. Du kan søkje om å få dekt tapt arbeidsforteneste for reisefølgje ved å leggje ved eit eige ark i søknaden. Dersom du skal søkje om tapt arbeidsinntekt eller utgifter til leigd hjelp, må du dokumentere dette.

3. Grunngeving eller annan informasjon

Bruk dette feltet dersom du har fylt ut informasjon som krev grunngeving eller andre tilleggsopplysningar. Treng du meir plass, kan du leggje ved eit eige ark.

Meir informasjon?

Ønskjer du meir informasjon? Sjå forskrift FOR-2015-06-25-793: pasientreiseforskrifta. Du kan kontakte Pasientreiser på telefon 915 05 515 eller lese meir på helsenoreg.no.